

Redaksjonelt

Dette nummeret av tidsskriftet vårt tek for seg utfordringane kyrkja idag står overfor andsynes dei nyreligiøse rørslene. Bispe-møtet har bede Egede Instituttet hjelpe til med å finna svar på denne utfordringa. Frikyrkjene som er representert i Styret og i Representantskapet for Instituttet finn det, lik biskopane i Den norske kyrkja, naturleg at vårt Institutt for misjonsforskning tek på seg ei slik oppgåve.

Egede Instituttet har alt fått ein komite i arbeid med dette. Men me vonar å koma lenger og ynskjer først og fremst å få styrkja be-manninga på kontoret så me kan få gjennomføra dei konkrete tiltak styringskomiteen finn me må ta opp. Men om me skal lukkast å koma over «snakke»-stadiet vil avhengja av at me får den ekstra økonomiske støtte som eit styrkt sekretariat krev.

Forvirra unge, fortvila foreldre og rådlause kyrkjeleriarar for tener at kyrkja slik gir informasjon, vegleiring og sjelesorg bygd på forsking og kjennskap til dei etablerte nyskapingane innan religion som har strøymt innover oss dei seinare tiår. Ikkje mindre trengst det at me fylgjer med når heilt nye rørsler av same slekta, men med nyansar i farge og innhald held fram med å spira opp. Dei har ei utruleg dragning på unge menneske i vår normopløysande tid.

Egede Instituttet kalla i januar 1987 inn til ein konsultasjon med deltakarar frå store deler av landet for å drøfta dei problem og oppgåver me her står overfor. Foredragshaldarane på konsultasjonen som kan reknast til dei i Norden som har best kjennskap til desse rørslene, tok frå heilt ulik synstad opp utfordringane me står overfor.

Foredraga deira overførde til artiklar med tilvisning til litteratur fyller dei fylgjande sidene. Dette nummeret av Norsk Tidsskrift for Misjon er såleies Egede Instituttet sitt første svar på oppgåva me er pålagd og er meint som ei hjelp til alle dei som har ansvar for og arbeider med desse spørsmåla i heim, kyrkja og samfunn. Me vil sidan dra inn fagleg ekspertise også utanom dei teologiske fa-kulteta og misjonshøgskulane. Me ser gjerne at NOTM vert møte-plass for ulike synsmåtar. Men gjennom det heile vil me sjå til at

me formidlar oppmuntring og hjelp til å byggja Guds rike i ein ny situasjon.

Den eine artikkelen idag er på engelsk. Det er eit unntak. Derimot har misjonsmiljø kring i verda bede om å få eit engelsk resymé etter større artiklar på norsk eller eit anna nordisk språk. Det vil me frå no prøva å gjennomføra. Me ser gjerne at norsk syn på ulike sider ved misjon i vår tid, vert kjend kring i verda gjennom tidsskriftet.